

## Konkretisering av arbeidsoppgåvene for kontaktperson for læring og mestring

---

Arbeidsgruppa i læring og mestringsnettverket for informasjonslinjer/ kommunikasjon har definert eit behov for å konkretisera oppgåvene som følgjer det å vere kommunens kontakt-person for læring og mestringstilbod jf. tenesteavtale 2, punkt 6.1 mellom Helse Fonna og kommunane.

Dette vedlegget er tenkt som ei hjelp for den enkelte kontaktperson i dialog med leiinga for å få sett av nok tid til arbeidet. Måten ein løyser oppgåvene internt i kommunane vil variera ut frå kommunestørrelse og organisering. I vedlegget synleggjer ein arbeidsoppgåver som kontaktpersonen for friskliv-, lærings- og mestringstilbod *kan* få.

**Dette er tenkt som ei hjelp for kontaktperson i kommunen i sin dialog med leiar med tanke på å synleggjere og avklare oppgåver, tidsbruk o.l.**

**Tekst framheva i blått er henta frå tenesteavtale 2, punkt 6. Strekpunkter er forslag til konkretisering.**

### Vedlegg

#### Læring og mestring

##### 6.1 Kommunen sitt ansvar

- Utvikle og tilby lærings- og mestringstilbod til pasientar og brukarar med kroniske sjukdommar og tilstandar innanføre dei store diagnosegruppene
- Samarbeide med andre kommunar der det er formålsteneleg for å oppnå gode tilbod til pasientar og pårørande
- Ha ein kontaktperson for læring og mestringstilbod som skal
  - Vere kommunens kontaktperson for lærings- og mestringstilbod og ha ei sentral rolle i utvikling av tilbod i kommunen:
    - Bidra til å forankra arbeidet administrativt og politisk i kommunen
    - Bidra til at kommunen søker prosjektstøtte/tilskudd for utvikling av tilbod
    - Formidla kva friskliv-, lærings- og mestringstilbod er til innbyggjarane, tilsette, brukarorganisasjonar og politikarane i kommunen. På FOUSAM sine nett-sider ligg det forslag til PowerPoint-presentasjon som ein kan nytte.
    - Oppdatere kommunal nettside med informasjon om kva friskliv-, lærings- og mestringstilbod er
    - Bidra med informasjon om tilbod ut til media eks. lokalavis og facebook
    - Sjå på moglegheit for samarbeid med kontaktpersonar i nærliggande kommunar
    - Samarbeid med brukargrupper, frivilligheit- og folkehelsekoordinatorar

- Delta i fagleg samarbeid via fagnettverk for læring og meistring
  - Medverka til handlingsplan i fagnettverk
  - Fysiske møter i fagnettverk på 2-3 timar, inntil 3 gonger kvart halvår. I tillegg kan det påreknast fysiske/nettbaserte møter for å ivareta oppgåver ut frå handlingsplanen.
  - Delta og bidra på årlege fagdagar for læring og meistring ca. 1-2 dagar pr. år
- Ha samarbeid med koordinerande eining i kommunen og saman ha oversikt over behov og tilbod innan kommunens friskliv-, lærings- og meistringstilbod
  - Kartlegga behov for tilbod i kommunen
  - Oversikt over friskliv/førebyggjande tilbod, diagnoseretta tilbod, diagnose-uavhengige tilbod, pårørande tilbod, tilbod levert frå brukarorganisasjonar, frivilligheit og private aktørar
  - Etter sentrale rettleiarar og i samråd med lokale kommunale behov bidra til utvikling av prioriterte tilbod
- Utvikla lærings- og meistringstilbod for pårørande til både born og vaksne
  - Etter sentrale rettleiarar og i samråd med lokale kommunale behov bidra til utvikling av prioriterte tilbod for pårørande